

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/2148-2

## Høyring - Ei meir effektiv og framtidsretta hjelpemiddelformidling - for auka deltaking og meistring

### Høyringsuttale vert samanstilt i møte

#### Vedlegg:

Rapport frå ekspertutvalet

## SAKSFRAMSTILLING

Arbeids- og sosialdepartementet har sendt rapporten «En meir effektiv og framtidrettet hjelpemiddelformidling – for økt deltaking og meistring» på høyring.

Regjeringa sette ned eit ekspertutval i november 2015, for å få ei heilskapleg undersøking av hjelpemiddelpolitikken.

Rapporten er delt inn i ein deskriptiv del, kapitla 2 til 8, og ein del med drøftingar og framlegg. Kapitla 9 til 15 gjev ei oppsummering av ekspertgruppa sine viktigaste framlegg i den andre kapitla.

Utvalet har i sine vurderingar teke utgangspunkt i brukaren, og korleis sikre at brukarane sine behov best kan handterast i ein framtidig modell. Vidare skal tenesta ytast så effektivt og ressursøkonomisk som mogleg, og av den instansen som underbygger at dette kan skje. Utvalet legg eit tenesteperspektiv til grunn, der hjelpemiddel/tilrettelegging er eit mogleg tiltak for ein brukar, men ikkje målet i seg sjølv.

Utvalet har utarbeida vurderingar innan fylgjande tema:

- Fleire personar med nedsett funksjonsevne i utdanning og arbeid
- Økonomisk kostnadskontroll for å møte framtidige budsjettutfordringar
- Framtidig ansvarsdeling mellom stat og kommune
- Organisering av hjelpemiddelsentralane
- Ein heilheitleg, forenkla og meir effektiv hjelpemiddelformidling for brukaren
- Anskaffingar som verkemiddel for ein effektiv hjelpemiddelpolitikk
- Kompetanse- og kunnskapsutvikling som harmonerer med framtida sine krav

Det vert bedt om at høyringsinstansane sine merknader er tydelege på kva del av rapporten fråsegna gjeld.

Høyringsfristen er 21. mai 2017.